



VESTNES KOMMUNE
Administrasjonssjefen

VEDTEKTER

KOMMUNALE

BARNEHAGAR I

VESTNES

KOMMUNE

**Med retningsliner for
fleksibel ferieavvikling i
barnehagane.**

§ 1 Hovudramma for drifta

Dei kommunale barnehagane i Vestnes skal drivast i samsvar med Lov om barnehagar (barnehagelova), og dei føresegner og retnings liner som til ein kvar tid er fastsett av departementet, kommunale vedtak og plan for den einskilde barnehage. Vestnes kommune eig og er ansvarleg for dei kommunale barnehagane.

§ 2 Formålet med barnehagen

Lov 17. juni 2005 om barnehager (barnehageloven) §1, sei om barnehagen sitt formål:

”Barnehagen skal gi barn under opplæringspliktig alder gode utviklings- og aktivitetsmuligheter i nær forståelse og samarbeid med barnas hjem”

”Barnehagen skal hjelpe til med å gi barna en oppdragelse i samsvar med kristne grunnverdier”

Barnehagen er ei pedagogisk verksemd. Barnehagen skal utvikle det einskilde barn sin personlegdom, hjelpe barna til å utvikle toleranse og ha omsorg for andre. Den skal gje barna høve til lek, aktivitetar og sosialt samvær med andre barn og vaksne i trygge og samstundes utfordrande omgjevnader.

Barnehagen skal i arbeidet sitt ta omsyn til individuelle føresetnader hos det enkelte barn, barnas sosiale, etniske og kulturelle bakgrunn, den skal formidle verdiar og kunnskapar og gje dei utfordringar ut i frå kva dei kan og kva interesser dei har. Jf. § 2 i Lov om barnehagar.

Barnehagen skal formidle sentrale kristne tradisjonar slik dei m. a. kjem til uttrykk ved dei store høgtidene.

§ 3 Administrasjon

Driftsstyret i Vestnes er politisk organ for barnehagesaker.

Styrarane i dei kommunale barnehagane er administrativt underlagde administrasjonssjefen.

§ 4 Samarbeidsutval

Kvar barnehage skal ha eit samarbeidsutval i samsvar med forskrift til barnehagelova. Samarbeidsutvalet i dei kommunale barnehagane skal ha 6 medlemmer med personlege vararepresentantar:

2 representantar valt av foreldrerådet.

2 representantar valt av dei tilsette.

2 representantar valt av kommunen.

Dersom barnetalet er lavt, kan eigaren bestemme at styret skal ha ein representant frå kvar av dei nemnde gruppene.

Representanten frå foreldra og dei tilsette skal veljast for 1 år om gongen. Valperioden for dei medlemmane og vara medlemmane som er valt av kommunen er 4 år, og skal følgje kommunestyreperioden. Minst eit av samarbeidsutvalsmedlemmane valt av kommunen, bør veljast frå driftsstyret.

Samarbeidsutvalet skal sjå til at barnehagen vert driven innafor ramma av barnehagelova, barnehagen sine vedtekter og budsjett. Samarbeidsutvalet skal be om foreldrerådet sitt syn i saker som er særleg viktige for foreldra.

Kommunen kan vedta at det skal vere felles samarbeidsutval for kommunal barnehage og skule. Dette skal i så fall organiserast i samsvar med reglane i opplæringslova § 11-1, fjerde ledd.

For nærare informasjon om samarbeidsutvalet sine arbeidsoppgåver vert det vidt til Forskrift om Samarbeidsutval.

§ 5 Foreldreråd

Kvar barnehage skal ha eit foreldreråd i samsvar med forskrift til barnehagelova. Foreldrerådet er alle foreldre/føresette som har barna sine i barnehagen. Foreldrerådet skal fremje deira fellesinteresser samt arbeide for eit godt samarbeidet mellom heim og barnehage. Rådet har rett på å verte førelagt saker som er viktige for foreldra i høve til barnehagen, og til å uttale seg i desse sakene.

”Er det i forskrift etter § 15 satt maksimalgrense for foreldrebetaling, kan bare foreldrerådet samtykke i foreldrebetaling ut over dette” (§4 i Lov om barnehagar)

Møte i foreldrerådet skal haldast minst to gonger i barnehageåret. Det skal førast møtebok.

§ 6 Foreldremøte

Straks barnehagen har starta opp om hausten skal styrar kalle inn til foreldremøte for å orientere om arbeidet i barnehagen. Dersom det er ynskjeleg kan ein også ha eit foreldremøte om våren. I løpet av året skal foreldra få tilbod om to foreldresamtalar. Slike foreldresamtalar skal på førehand avtalast med styrar/førskulelærer. Styrar/førskulelærer og foreldre/føresette avtalar elles samtalar/foreldremøte etter behov.

§ 6 Opptak av barn

Det er samordna opptaksprosess for dei private og dei kommunale barnehagane i Vestnes kommune. Søknad om plass i barnehage skal vere på fastsett skjema. Søknadsfristen skal kunngjerast i lokalpressa og på kommunen sine heimesider. Innstilling til opptak av barn vert gjort av den enkelte styrar på kvar barnehage. Etter drøftingar mellom barnehagekonsulent og styrarane vert det endeleg vedtaket gjort av administrasjonssjefen ved barnehagekonsulenten. Barnehagekonsulenten ser til at opptaket skjer i samsvar med dei lover og føresegner som gjeld. Administrasjonssjefen har fullmakt til å be om fleire opplysningar ved opptak. Søknader om opptak i løpet av året vert avgjort av styrar i samråd med barnehagekonsulenten. Eventuelle klager på vedtak om opptak skal handsamast av kommunen si klagenemnd. Barn som har får tildelt plass i barnehage, kan behalde plassen fram til skulestart.

Retningsliner for opptak:

Ved tildeling av plass i barnehagane skal det takast omsyn til at barnegruppa ikkje vert for einssidig samansett når det gjeld alder og kjønn. Vidare skal ein leggje vekt på ein viss kontinuitet i barnegruppa.

Ved tildeling av plass til barn over 3 år, må barnet fylle 3 år innan utgangen av det kalenderåret barnet tek til i barnehagen. Ved tildeling av plass for barn under 3 år, vil barnet “telje for to”, jamvel om barnet fyller 3 år i løpet av barnehageåret.

Ved opptak skal det einskilde barn vurderast ut frå følgjande kriteria:

- 1 *Barn med nedsett funksjonsevne har rett til prioritet ved opptak (sakkyndig vurdering på om barnet har nedsett funksjonsevne skal gjerast)*
- 2 *Barn som det er fatta vedtak om etter lov om barneverntjenester §§ 4-12 og 4-4 annet og fjerde ledd, har rett til prioritet ved opptak.*
- 3 *Barn med fagleg tilråding om opptak i barnehagen (lege, PPT, barnevern og anna)*
- 4 *Barn som av andre vektige grunnar treng plass.*

Opptak skjer etter ei samla vurdering av situasjonen til det enkelte barn.

§ 8 Helseattest

Før barnet begynner i barnehage skal dei føresette legge fram ei erklæring om barnet si helse. Dette skal gjerast på fastsett skjema. Jf. føresegn § 23 i Lov om barnehagar.

§ 9 Opningstider

Kommunen v/ driftsstyret fastset opningstidene i barnehagane. I løpet av barnehageåret skal det etter ein fastsett plan nyttast 5 dagar (37,5 t.) som studie- og planleggingsdagar for personalet. Barnehagen vert stengt på planleggingsdagar og føresette skal varslast minst 3 veker på førehand.

Barnehagane er til vanleg stengt 4 veker om sommaren. Styrar kan i samråd med rådsorgana, vurdere om barnehagen skal ha ei fleksibel ferieordning i tråd med *Retningslinjer for ferieavvikling i barnehagane*. Det må vere ein føresetnad at ordninga kan gjennomførast innanfor driftseininga sine budsjettrammer.

Dei kommunale barnehagane held stengt julaften og nyttårsaften.

§ 10 Foreldrebetaling

Foreldrebetalinga er utrekna på 11 månader. Det vert gjeve søskenmoderasjon, 30 % for barn nr. 2, 50 % for barn nr. 3 og ev. fleire. Foreldrebetalinga gjeld frå den dato barnet har fått plass. Det vert ikkje gjeve fråtrekk for fråvær, heller ikkje for dei dagar barnehagen held stengt, utanom sommarferien. Ved langvarig sjukdom kan ein søke driftsstyret om redusert foreldrebetaling. Dersom foreldre/føresette av ulike grunnar ønskjer å auke eller redusere timetalet i løpet av året, må det søkjast skriftleg til barnehagen om dette.

Når foreldrebetalinga uteblir i 2 månader, og det ikkje vert gjort skriftleg betalingsavtale, taper barnet plassen frå den første opningsdagen i komande månad.

Oppseiingstida er 2 månader. Oppseiinga må skje skriftleg innan den 15. i månaden. Dersom plassen vert sagt opp etter 15. februar må det betalast for plassen ut barnehageåret. Ved sjukdom, flytting o.l. kan det gjerast unntak frå denne regelen.

Ved særskilde høve kan ein på fastsett skjema søke sosialkontoret om sosialøkonomisk hjelp.

§ 11 Tryggleik - helse - og hygieniske tilhøve

Helserådet har tilsyn med helse- og hygienetilhøva i barnehagar. Helserådet gjennomfører inspeksjonar så ofte dei finn det nødvendig, og kan gje pålegg til eigaren av barnehagen. Barna sine føresette pliktar å rette seg etter pålegg som vert gjevne.

Styrarane har ansvar for at det vert halde 2 brannøvingar i året.

Kommunen sine barnehagar er etter forskrift om internkontroll av 22. mars 1991, pålagt å utarbeide internkontrollhandbok og sjekklister for den enkelte barnehage.

§ 12 Ansvar

Personalet har ansvar for barna den tida dei er i barnehagen. Foreldra må sjølv syte for/ordne med bringing og henting av barna sine. Foreldra skal vere med inn i barnehagen ved bringing og henting av barna sine. Munnlege beskjedar frå foreldra via barna vert ikkje godtekne.

§ 13 Rettleiande norm for tal på tilsette i barnehagen

Denne norma er å sjå på som rettleiande og ikkje som eit størst tal på tilsette ved barnehagane:

- 24 plassar på kvar avdeling: 1,5 førskulelærer +2,5 barne- og ungdomsarbeidar/assistentar
- 18 plassar på kvar avdeling: 1 førskulelærer + 2 assistentar
- Mellom 18-24 plassar på kvar avdeling: Talet på førskulelærer og assistentar skal stå i forhold til norma for 18 plassar og norma for 24 plassar.

Jf. "Forskrifter om pedagogisk bemanning" §1 med merknader.

§ 14 Norm for areal i barnehagane

Følgjande norm for netto leike- og opphaldsareal innandørs skal gjelde for dei kommunale barnehagane:

4.0 kvadratmeter pr barn over 3 år

6.0 kvadratmeter pr barn under 3 år

I samråd med administrasjonssjefen er barnehagane likevel pliktig til å ta inn fleire barn for ein periode når det er særskilde behov for det.


§ 15 Teieplikt

I samsvar med § 20 i Lov om barnehagar har alle tilsette og andre som handsamar saker etter Lov om barnehagar teieplikt om dei forhold dei vert kjend med gjennom arbeid/tillitsverv i barnehagen.

§ 16 Endring i vedtektene

Samarbeidsutvalet og foreldrerådet ved barnehagen kan fremje forslag om endringar i vedtektene til barnehagen. Når foreldrerådet har fått høve til å uttale seg, kan samarbeidsutvalet med vanleg fleirtal gjere framlegg om endringar i vedtektene. Endringane skal godkjennast av kommunestyret.

Kommunen kan også gjere framlegg om endringar. Endringane skal då leggest fram for samarbeidsutvalet ved barnehagane for uttale før vedtak.



RETNINGSLINER FOR FLEKSIBEL FERIEAVVIKLING VED BARNEHAGANE I VESTNES

BAKGRUNN

- Barnehageåret er frå 15. august til 15. juli
- Det er betalingsfritt frå 16. juli – 15. august
- Barnehagane har til vanleg stengt 4 veker om sommaren, som regel tre veker i juli og ei veke i august.

FLEKSIBEL FERIEAVVIKLING

Dersom det er einigheit mellom personalet og rådsorgana kan ein undersøke om det er behov for ei fleksibel ferieavvikling ved barnehagen. Følgjande prosedyre skal då gjerast:

1. Undersøking om sommarferie vert sendt ut til foreldra med frist 15. mars
2. Endeleg ferieliste skal vere ferdig og sendast ut 1. april
3. For tilsette fastsett ein ferie seinast 15. april (Skal ha fastsett ferien sin seinast 2 månader før avvikling).

Vilkår:

- Alle barn og tilsette skal avvikle 4 vekers samanhengande sommarferie innanfor ein periode på 6 el 8 veker ((25) 26 27 28 29 30 31 (32)). Veke nr kan variere noko år for år.
- Det må vere i gjennomsnitt 10 barn pr dag som ønskjer tilbod for at barnehagen skal halde ope i ferien.
- Barn som skal byrje på skulen kan ikkje nytte barnehagen etter 15. juli.
- Nye barn kan ikkje ta til før alle fast tilsette har avvikla ferie; altså etter veke 31 el 32.
- I barnehagar med fleire avdelingar kan det verte aktuelt å samle barna på ei avdeling i samband med ferieavviklinga og ein vil redusere opningstida dersom det ikkje er behov for at barnehagen er open heile dagen.